

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
039/22	Utval for næringutvikling og drift	07.09.2022

Søknad til næringsfondet - Molvik gard - SMIL - Stopp matsvinn i landbruket

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *SMIL – Stopp matsvinn i landbruket* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune

Utval for næringutvikling og drift 07.09.2022:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 039/22 Vedtak:

Prosjektet *SMIL – Stopp matsvinn i landbruket* blir tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Molvik gard er eit enkeltpersonsforetak. Bransje: 01.490 Husdyrhold ellers, 01.451 Sauehold. Registrert 07.10.2014. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Molvik gard driv med frukt- og bærproduksjon i Molvik, 25 minuttar frå Knarvik.

Dei har også bier og sauer, og snart fleire besøksdyr til 4H-garden sin.

Det har nyleg vore generasjonsskifte på garden, og kårfolket hjelper til med hausting og er spesialkonsulentar innan bær dyrking og fruktdyrking med 40 års erfaring.

Søkjar er medlem i Smak av Nordhordland, NLR-Vest og Lokalmatringen.

Dei har ein eigen mentor gjennom NLR-vest som hjelper dei med produktutvikling av vidareforedla varer.

Om prosjektet

På ein vanleg frukt- og bærgard på Vestlandet er det mykje av produksjonen som ikkje kjem fram til forbrukarane sidan det er mykje som blir øydelagt av ver og vind, samt skadedyr.

I eit normalår er 20% av produksjonen ikkje eigna til direkte konsum. Søkjar sel tonnevis med jordbær, bringebær, plommer og eple.

Gjennom dette prosjektet skal søkjar bruke dei 300-500 kiloa med "feilvarer" til å få ut ein meirverdi av produksjonen som er på garden.

Dei har allereie starta produksjon av jordbærsirup, ein dessertsaus laga av små jordbær og bær med feil. Dei produserer ca. 1000 flasker av dette i år.

Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjar kallar seg ein ny generasjon som er opptatt av matsvinn og ønsker å stoppe matsvinnet på eigen gard. Mange av kundane som kjøper ferske bær etterspør vidareforedla produkt i tillegg. For å redusere matsvinn,

skal søkjar vidareforedla overskot til saft, syltetøy og most.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
SMIL – Stopp matsvinn i landbruket	80 000	40 000	20 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemdar og berekraftig utvikling.

Vedlegg i saken:

01.08.2022	Soknad-2022-0033	1779913
01.08.2022	Prosjekt -Budsjett -Stopp matsvinn i landbruket	1779914
01.08.2022	resultatregnskap_01.01.2021-31.12.2021	1779915